

FAKTA

### Kort om produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid ved søknadsomgangen i januar 2016

- Søknad om produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid kan du levere frå og med 1. januar 2016 (registreringsdatoen)
- Søknadsfristen er 20. januar 2016
- Produksjonstilskot er ei fellesnemning for ei rekkje tilskotsordningar som føretak som driv vanleg jordbruksproduksjon kan søkje på
- Tilskot til avløyning ved ferie og fritid er ei refusjonsordning der føretak med husdyrproduksjon kan få refundert utgifter det har hatt til avløyning
- Søknadsomgangen i januar omfattar disse tilskotsordningane:
  - Tilskot til avløyning ved ferie og fritid
  - Distriktstilskot til frukt, bær og veksthusgrønsaker
  - Distriktstilskot til potetproduksjon i Nord-Norge
  - Tilskot til husdyr
  - Tilskot til lammeslakt og kjeslakt
  - Tilskot til bevaringsverdige storferaser
  - Tilskot til økologisk husdyrproduksjon
  - Driftstilskot til mjølkeproduksjon
  - Driftstilskot til spesialisert storfejøttproduksjon

# Produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløyning ved ferie og fritid

## Informasjon til deg som søker om produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløyning ved ferie og fritid med søknadsfrist 20. januar 2016.

### GJER DEG KJENT MED REGELVERKET

Søker du om produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløyning ved ferie og fritid, må du kjenne dei juridiske føresegnene i dei relevante forskriftene og i jordbruksavtalen.

På vår nettside [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no), under menypanelet Produksjon og marked/Produksjonstilskudd/Aktuell søknadsomgang finn du følgjande informasjon:

- Lenke til elektronisk søknad
- Revidert utgåve av rettleiingsheftet
- Jordbruksavtale 2015–2016
- Aktuelle forskrifter
- Aktuelle rundskriv

### NYTT FRÅ JORDBRUKSOPPGJERET

I rettleiingsheftet om produksjonstilskot finn du ei oppsummering av dei endringar som følgjer av Jordbruksavtale 2015–2016 for produksjonstilskotsordningane og for tilskot til avløyning ved ferie og fritid:

- Endringar i satsar
- Tilskot til lammeslakt blir lagt om frå å vere eit produksjonstilskot til å bli utbetalt ved slakteoppgjeret
- Husdyrtilskot til unghest er avvikla

Rettleiingsheftet finn du på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no)

### TILSKOT TIL AVLØYSING VED FERIE OG FRITID

Ved søknadsomgangen i januar kan du søkje om tilskot til avløyning ved ferie og fritid. Tilskotet kan ikkje overstige det du har hatt i faktiske utgifter til avløyning. I søknaden skal du altså oppgi dei faktiske utgiftene føretaket

har hatt til avløysartenester i 2015, og du må kunne legge fram dokumentasjon på desse utgiftene dersom kommunen ber om det. Du finn meir informasjon om denne ordninga og kva for tenester du kan få refundert utgifter for i rettleiingsheftet og i rundskriv 2015-41.

### **TREKK OM DU LEVERER SØKNADEN FOR SEINT ELLER OM DU ENDRAR SØKNADEN ETTER SØKNADSRISTEN**

Søknadsfristen er 20. januar 2016. Om du sender inn søknaden etter fristen, vil du få 1 000 kr i trekk i tilskotet for kvar dag du leverar søknaden etter fristen. Etter 20. februar kan du ikkje sende inn søknad, med mindre du har fått dispensasjon frå søknadsfristen.

Du får òg trekk i tilskotet om du oppjusterer tal på dyr eller mengde frukt/bær/grønsaker i perioden 20. januar–20. februar i ein allereie innsendt søknad. Det same gjeld om du har gløymt nokre søknadsopplysningar. Slike endringar vil bli rekna som at føretaket sender inn ei ny søknad. Ei slik endring vil bli rekna som ein ny søknad. Ver difor nøye med at opplysningane du sender inn er korrekte, slik at du ikkje må gjere endringar etter søknadsfristen. Etter 20. januar kan forhold som søkjer har gløymt berre bli tatt omsyn til dersom søkjar har fått dispensasjon frå søknadsfristen.

### **BRUKARSKIFTE I MJØLKEPRODUKSJONEN**

Er du involvert i eit brukarskifte som skal skje før eller ved årsskiftet på gardsbruk med mjølkeproduksjon? Då er det viktig at du og ny brukar melder frå til meieriet i god tid før datoen brukarskiftet skal skje. Dersom brukarskiftet ikkje blir meldt inn i god tid før årsskiftet, kan søknaden bli feilmeldt i den maskinelle kontrollen av søknadane når det nye føretaket søkjer om tilskot for mjølkekyr. Er søknaden feilmeldt etter siste maskinelle kontroll, vil det nye føretaket ikkje få utbetalt tilskot ved sentral utbetaling i juni. Du finn meir informasjon på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no) under meny-punktet Produksjon og marked/Melk/Mjølkekvoter.

### **HAR DU SPØRSMÅL?**

Les i rettleiingsheftet om produksjonstilskot og tilskot til avløysing ved ferie og fritid som du finn på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no), eller kontakt kommunen din. Du finn òg ei oversikt over ofte stilte spørsmål på våre nettsider under meny-punktet Produksjon og marked/Produksjonstilskudd/Ofte stilte spørsmål.